

## **Norsk Helse- og velferdsforum landsmøte 23. mai 2011. Hovudstyret sin beretning for perioden juni 2007 – mai 2009.**

### **1. a. Hovudstyret**

Hovudstyret:

Leiar	Kari Skive Stuvøy, Hurum kommune
Nestleiar	Torill Lende Fjermestad, Randaberg kommune
Kasserar	Jan Hugo Hermansen, Tromsø kommune
Sekretær	Siren Eldøy Hinderaker, Stord kommune
Styremedlem	Asle Hovdal, Gjøvik kommune (avisansvarlig)
1. varamedlem	Reidun Trones Vikan, Ålesund kommune
2. varamedlem	Kristian Hausken, Hjelmeland kommune
Valkomite	Leder Torbjørn Reisæther, Ullensvang kommune Arild Rekve, Kristiansand kommune Kjell Berland, Sauherad kommune
Revisorar	Håkon Gjelsvik, Bergen kommune Birte Møgster, Hordaland

### **b. Møteverksemd**

Hovudstyret har gjennomført følgjande møter

2009: 3 møter og 29 saker,

2010: 7 møter derav 2 telefonomøte og 65 saker,

2011: 1 møte med 8 saker. Ytterligere eit møte er planlagt i forkant av landsmøtet.

### **c. Kommenterar**

Følgjande kommenterar kan gis om hovudstyret sitt arbeid:

- Kari Skive Stuvøy vart valt til leiar på landsmøte i Drammen 04.07.09. Dei andre funksjonane i hovudstyret (konstituering) vart fastsett på første hovudstyremøte 27-28.08.09.
- Det har vore avvikla 5 hovudstyremøte mindre enn sist valperiode. Dei fleste møta har vore over to dagar. Det har vore handsama 57 færre saker enn sist periode. I tillegg har det vore avvikla 4 fylkesleiarssamlingar, det er 1 meir enn sist periode.
- Hovudstyret har prioritert samarbeid opp mot Kommunenes Sentralforbund og ikkje minst fylkeslaga.
- Styret har hatt fokus på ein sunn økonomi og gode økonomirutinar. I tillegg er det frå 2010 innført sentral innkrevjing av medlemskontingent.
- Samhandlingsreforma og nye lover har fått stor merksemd i 2010, og det er og prioritert framover.
- Styret har hatt fokus på fylkeslag og å få oppretta kontaktpersonar i dei laga der det ikkje er styre. Det er oppnådd i Vestfold, Nordland og Vest- Agder.

- Styret har sett handlingsprogrammet på agendaen i fleire hovudstyremøte og fylkesleiarsamlingar. Det har vore viktig å ha eit handlingsprogram som er mogleg å arbeide praktisk etter.

## 2. Revisorar

Følgjande er valt som revisorar:

Håkon Gjelsvik, rådgjevar Bergen kommune

Birte Møgster, Hordaland

## 3. a. Valkomité

Følgjande er valt som valkomité:

Leder Torbjørn Reisæter, helse- og sosialsjef Ullensvang kommune

Arild Rekve, kommunalsjef Kristiansand kommune

Kjell Berland, rådgjevar Sauherad kommune

## b. Kommenterarar

Følgjande kommenterarar kan gis om valkomiteen:

Hovudstyret har oppfordra valkomiteen til å sette i gang sitt arbeid. Det vises til egen sak på landsmøtet.

## 4. a. Fylkeslag

Etter vedtektene skal det være et fylkeslag for kvart fylke.

## b. Aktivitet (fylkeslag)

Aktive lag:

Buskerud, Hordaland, Møre og Romsdal, Oppland & Hedmark, Rogaland, Telemark og Troms.

Oslo, Vestfold, Nordland og Vest Agder har fått nye kontaktpersonar. Dei har vore med på fylkesleiarsamlingar.

Redusert aktivitet, midlertidig eller permanent nedlagt.

Sør-Trøndelag, Akershus, Finnmark, Sogn og Fjordane, Østfold, Aust-Agder, Nord-Trøndelag.

## c. Kommenterarar

Hovudstyret er bekymra for at under halvparten av landets fylker har oppegående fylkeslag. Oslo var aktiv i perioden 2007-2009, men har ikkje vore mogleg å få aktivt med i denne perioden.

## 5. Medlemsbladet NHV - nytt

Hovudstyret har vektlagt følgjande i forhold til medlemsbladet:

- Tidsskriftet skal komme ut med 3 eksemplar i året.
- Viktig å få inn stoff frå konferansar som fylkeslaga arrangerar.
- I kvart blad har eit fylkeslag presentert seg
- Redaktør for NHV nytt har vore styremedlem Asle Hovdal. Det vart forsøkt å oppretta ein redaksjonskomite. Fylkeslaga vart utfordra til å kome med kandidatar. NHV Rogaland kom med ein kandidat. Dette må følgjast opp og framover.
- Erfaring er at det er noko vanskeligare å få inn aktuelle og varierte artiklar til NHV nytt.

## 6. Heimesida på Internett

Hovudstyret har vektlagt følgjande i forhold til heimesida:

- Heimesida har adresse: [www.nhvf.no](http://www.nhvf.no) .
- Kari Skive Stuvøy er ansvarlig og har knytt til seg ein medarbeider
- Heimesida er vedteke å endre layout.
- Heimesida inneheld no meir historie
- NHV nytt vert og lagt ut på heimesida
- Medlemmene skal finne lett fram på sidene og med linker til andre sider.
- Sidene skal innhalda aktuelle namn og adresser, referat, høyringsuttaler, ressurspersonar og andre medlemsopplysningar.

## 7. Nordisk samarbeid

Hovudstyret har forsøkt å oppretthalde samarbeidet med de nordiske søsterorganisasjonane i Danmark, Finland, Island og Sverige. Samarbeidet går blant anna ut på

- Utveksling av informasjon og tidsskrifter.
- Deltaking på kvarandre sine landsmøtekonferansar. Hovudstyret har fått invitasjon, men ikkje hatt høve til å delta. På landsmøte i Kragerø deltok ein frå Sverige og ein frå Island.

## 8. Europeisk samarbeid

Helse – og velferdsforumet har til 31.12.10 vore medlem av European Social Network (ESN). Medlemskap i organisasjonen har gått ut på

- Deltaking på ESN sine styremøte. Ein frå hovudstyret er valt inn i styret. Det er to årlige styremøte, eit vinter og eit i samband med ESN-konferanse om sommaren (årsmøte).
- Saman med Birgit Sannes deltok Torill Lende Fjermestad på eit møte.
- Oversending av nyhetsbrev og informasjon.  
Hovudstyret har vurdert at det er lite høve til å prioritere å delta på ESN møter.  
Hovudstyret har og vurdert at det er lite utbytte for medlemmane å vere medlem av ESN. Derfor vart medlemskapet sagt opp innan 31.12.2010.

## 9. Studietur

Den 28. og 29. oktober reiste Hovudstyret og fylkesleiarar på to dagars studietur til Brussel. Stavangerregionens Europa-kontor fekk i oppdrag å setta saman eit program for oss som omhandla følgjande tema:

- Kunnskap om korleis EU fungerer, saksgang, lobbyverksemd og avgjerdsprosessar
- Oppdatert informasjon om helse og velferd, og aktuelle spørsmål som har relevans for Norge
- Diskusjonar om helse og sosialpolitikk med europeiske ekspertar
- Besøke KS sitt kontor i Brussel.
- Omvisning i



parlamentsområdet.

Gruppen på 10 personer fikk en liten smakebit på noen av det som rører seg i kunnskapsbyen Brussel. Alle fylkesleiarane fikk tilbud om å delta. Det var og høve til å søkje hovudstyret om pengestøtte. To fylkeslag fikk pengestøtte.

## **10. Handlingsprogram**

Landsmøtet i 2007 vedtok følgjande satsingsområde som det har vært utarbeidet eige handlingsprogram for:

Velferds-, helse- og omsorgspolitiske satsingsområde

- Rus og psykisk helse
- Omsorg
- Ressurskrevjande brukarar
- Ny arbeids- og velferdsordning
- Handlingsplan mot fattigdom

Organisatoriske satsingsområde

- Sunn økonomi
- Rekruttering av medlemmer
- Aktive fylkeslag

Hovudstyret har utarbeidet eit konkret handlingsprogram i samhandling med fylkeslaga bl.a. på fylkesleiarssamlingane. Handlingsprogrammet har vore følgt opp på kurs, konferansar og i dialogmøte med KS.

## **11. Uttalar til høyringar**

Hovudstyret har kome med desse høyringsuttalene:

- Oktober 2010: NOU 2010:5 – Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering –et helhetlig hjelpemiddeltilbud

- Januar 2011: Forslag til ny lov om kommunale helse- og omsorgstjenster.

## **12. Mediekontakt**

I perioden har Jan Larsson, leiar av NHV Oppland & Hedmark, skrevet 2 artiklar for NHV nytt og som i etterkant har kome på trykk i Kommunal Rapport. Ein om fylkesmannen sitt tilsyn og ein artikkel om ressurskrevjande brukarar.

## **13. Deltaking i råd - og utvalsarbeid**

Helse- og velferdsforumet er representert i fleire råd og utval. Forumet har vore representant i gruppa som har arbeida fram NOU 2010:5 – ”Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering –et helhetlig hjelpemiddeltilbud”. Vidare i ekspertgruppe i samband med framtidige legeteneste i kommunane. I tillegg har forumet deltatt i ulike grupper i KS regi i tilknytning til Samhandlingsreforma.

## **14. Samarbeidsmøte med Kommunanes Sentralforbund**

Samarbeidsmøte med Kommunanes Sentralforbund.

Hovudstyret har hatt faste møter med KS på om lag alle møta i Oslo.

Fleire ulike tema har blant anna vore drøfta:

- NAV
- Samhandlingsreform
- Verdighetsgaranti
- Sjukefråvær
- Kompetanse

## 15. Landskonferansar og studiedagar

Kragerø 2010 Arr. Telemark fylkeslag  
Hamar 2011 Arr. Oppland & Hedmark fylkeslag

## 16. Konklusjon

- a. Hovudstyret sine møter har i stor grad vore heildagsmøte med tett program. Hovudstyret vurderar at det er nyttig å ha færre og heller lengre møter.
- b. Hovudstyret har hatt fokus på handlingsprogrammet, både i styremøte og i møter med fylkeslaga. Samhandlingsreforma og nye helselover har hatt stor plass siste året.
- c. Hovudstyret har arbeida mykje med laget sin økonomi. Hovudstyret meiner den no er oversiktleg, sunn og i god kontroll. Sentral innkrevjing av medlemskontingent er ein styrke og gjer arbeidet i fylkeslaga enklare.
- d. NHV nytt skal kome ut 3 gonge ri året. Her har det vore fokus på annonsering, og det må det arbeidast meir med.
- e. Hovudstyret har følgd med på aktuelle høyringar og kome med uttale der det har vore aktuelt. Fylkeslaga har og fått spørsmål om å kome med uttale.
- f. Hovudstyret har ved fleire høve delteke i råd og utval.
- g. Hovudstyret har godt samarbeid med KS. Hovudstyret sine møter er på KS huset og på alle møter har tilsette i KS kome inn og gitt oppdateringar på viktige områder. Då har hovudstyret hatt høve til å kome med innspel.

Stord, 9. april 2011

Kari Skive Stuvøy  
Leiar

Siren Eldøy Hinderaker  
Sekretær